

## Kraft

---

### ***Kåseri på Litteraturdagane i Vinje, 28.09.2024***

#### **Av Arne Vinje**

Eg veit ikkje om de kjenner den norske filosofen, humoristen og forfattaren Peter Wessel Zapffe? Han slo på sine eldre dagar fast at han hadde gjort ein personleg observasjon som skammeleg nok hadde gått naturvitskapen hus forbi. Han hadde registrert at tyngdekrafta i dei seinare åra hadde blitt vesentleg sterkare enn før.

Zapffe var som me skjønar komen på defensiven i menneskets evige kamp mot gravitasjonen, den barnet trassar når det reiser seg, tilpassar seg etter beste evne gjennom livet og let seg bryte ned av i alderdomen. Tyngdekrafta er ei *urkraft* – den kosmiske krafta som held soler, planetar og månar fast i sine banar og styrer galaksar.

Ei anna urkraft er solenergien. Til saman er desse kreftene grunnlaget for livet på jorda, dei driv det veldige livshjulet som rullar og gjeng gjennom tidsaldrane – i ufattelege tidsspenn som får den europeiske kulturhistoria til å bli mindre enn eit blunk, og menneskets 300 000 år lange eksistens til å bli som ein flugelort på skalaen som startar med dei fyrste livsformene for meir enn 3 milliardar år sidan.

Dei fyrste formene for liv var molekylstrukturar som utvikla seg til planter og plankton med evne til å fange energi frå sola og omsetje krafta til levande celler. Gjennom millionar av år breidde dei seg ut i havet og på landjorda, skapte ein atmosfære og gav grunnlag for andre former for liv som kunne nytte solenergien gjennom plantene. Ut frå det me veit er det berre her dette har skjedd. Her på Jorda.

Tenk litt på korleis universet sløsar med sine ufattelege mengder energi! Krafta frå sola vår og alle andre soler blir spreidd og borte i det store rommet. *Bortsett frå* på denne i kosmisk samanheng ørvesle kula, som er heimen vår! Den tunne veven av liv som blir kalla biosfæren, låner litt av solkrafta før ho blir sendt vidare ut i stjernevrømmelen. Den lånte energien er vilkåret for alt liv, og har skapt ein natur tilpassa skiftande årstider og vekslinga mellom dag og natt på den blå planeten som sviv kring sola si og samstundes kring sin eigen akse i eit roleg rytmisk mønster.

#### ***Kunnskap er makt***

Alt detta er fakta no, men for berre fire-fem hundre år sidan kunne ein risikere livet om ein påstod noko slikt. Då stod det ein strid mellom trua på at jorda med sine menneske var sentrum for sola og planetane, og påstanden om at alt krinsa om sola. Kopernikus og Galilei vann den striden, og etter kvart reiv naturvitskapen seg laus frå teologien. Gud var ikkje lenger med i forklaringa av korleis verda var skrudd i hop, og kreftene som verka var nøytrale, ikkje vonde eller gode.

Ikkje i seg sjølv. Vitskapen studerer det ein kan måle og vega. Det gjev påliteleg kunnskap som kan etterprøvast, og som ein kan byggje vidare på. Kunnskapen om verda er objektiv, like sann alle stader. Slik er sjølvforståinga i naturvitskapen.

Men *kunnskap er makt*, sa den britiske vitskapsmannen, filosofen og politikaren Francis Bacon tidleg på 1600-talet. Makt over naturen og makt over folk. Om vitskapen er røtene til kunnskapsens tre, er *teknologien* greinene og fruktene.

Sjå til dømes på kvantefysikken, som er resultatet av at vitskapen har trengt seg så djupt inn i materien som det har vore mogleg å koma. Lenge trudde ein at atomet (som tyder «udeleleg») var det minste elementet i naturen. Men så syntet det seg at det var ei anna verd av partiklar *inni* atomet, der var proton, nøytron, elektron og kvarkar; og ein fann ikkje berre ut at atomet kan delast eller spaltast, men òg at ein på det viset kan utløyse kolossale mengder energi. Det var kunnskap med ekstrem endringskraft! Dei som kontrollerer partikkelteknologien, rår brått over kjernekraftverk og atombomber.

I motsett retning ser astronomien, vitskapen som granskar den himmelen som poeten diktar om og religionen vonar på. Astronomane kan fortelje at dei himmelske tilstandane kan minne meir om helvete. Der er *undergangskrefter*, slike som driv planetane frå kvarandre og kan gløype i seg stjerner! Der er *mørk energi* med det astrofysikarane kallar *fråstøytande gravitasjon*, og *mørk materie* som får galaksar til å rotere fortare og dreg til seg alt, jamvel ljuset – i mystiske svarte hol som ingen kan sjå, ikkje eingong mæle. Og i universet, heitest det, er det seks gonger meir mørk enn vanleg materie.

Viss dette liknar på ein kosmisk kamp mellom det gode og det vonde, så er det språket og ikkje vitskapen som må taka skulda. Universet kjenner ingen moral. Moralen høyrer *mennesket* til; den er del av medvitet vårt, medrekna den sjølvforståinga som er prega av kulturen. Derfor fell 'materie' og 'antimaterie' inn i tankemønsteret nærast på line med Kristus og Antikrist.

Vitskapen ser det ikkje slik. Vitskapen om naturen skil som nemnt ikkje mellom godt og vondt, berre mellom sant og usant – og det usanne er ikkje det same som lygn. Det er meir i retning av «feil forklaring». Men når denne objektive og nøytrale vitskapen gjennom den teknologiske utviklinga blir blanda med sterkt verdiladde menneskelege interesser og føremål, då blir det skapt ei kraft som har både moralske og politiske sider.

### ***Eit monster blir født***

Det var dette som skjedde i England frå slutten av 1700-talet og fyrste halvdel av 1800-talet, den perioden som blir kalla *den industrielle revolusjonen*. Det var då fabrikkproduksjonen trengde vekk dei tradisjonelle handverksgreinene, industrialiseringa skapte nye, store byar og sosiale klasser, bøndene gjekk over frå sjølvbergingsjordbruk til handelsjordbruk eller blei industriarbeidarar, store selskap sette i system ein internasjonal handel med råvarer frå koloniane og ferdigvarer frå fabrikkane. Nye storbyar voks opp i transportknutepunkta kring kolgruvane, hamnene, dei nye jernbanane og kanalane.

Kva kom ut av denne energiske tida, denne samfunnsmessige smeltepotta? Ikkje lite: Starten på ein jamn auke i forbruk og velstand, og etter kvart det me kjenner som det moderne velferdssamfunnet. Og etter kvart ein aukande overforbruk av ressursar og nedbryting av økologisk mangfald, medrekna grådig tømning av planetens fossile lager, drivhuseffekt og klimakrise.

Det er den kapitalistiske økonomien som blir fødd no. Lenge ser dette systemet med sine veksende krefter ut til å tene og lyde menneska, men så syner det seg å vera eit monster. Det tek til å stille sine egne krav. Monsteret må fôrast. Det krev kraft, meir og meir kvart år, for å kunne vekse vidare. Og kan det ikkje vekse, ja, så døyrr det. På forbausande stutt tid kan det bli alvorleg sjukt og kanskje døy. Då risikerer me at samfunnet rivnar, og mange av dei godane me har lært å sjå som sjølvsgatte på grensa til menneskerettar, blir borte.

Tilgangen på energi har ført den økonomiske veksten heilt sidan den industrielle revolusjonen. Fyrst var det kol, som mellom anna blei nytta som energikjelde for dampmaskinene, og gjorde det mogleg å drive fabrikkar der det ikkje var tilgjengeleg vasskraft. Kolfyrte dampmaskiner var òg motorar i båtar og tog, nødvendige for å frakte stadig fleire varer og stadig meir folk. Så kom oljen – den fyrste frå USA i siste halvdel av 1800-talet – som gav kraft til ljøs, varme og millionar av eksplosjonsmotorar. «Eksplosjonsmotoren er den største ulykka som hev skjedd i verden», meinte gamle Kjetil Vinje, endå han sjølv hadde nytte både av traktoren, motorsaga og motorsykkelen sin. Dermed gav han òg, i hop med alle oss andre, sitt ørvesle tilskot til dei mektige oljeselskapa som herja og regjerte i verdsøkonomien gjennom mesteparten av livet hans (Kjetil var fødd i 1897).

### **Modernisering og vasskraftutbygging**

Noreg satsa tidleg på ei anna kraftkjelde som i prinsippet er utømmelig og utan utslepp: rennande vatn. I hundrevis av år har vasskrafta i elvar og bekkar vore nytta til å drive kvernar, sager, vadmålsstamper og sponhøvlar, viktige element i sjølvbergingsøkonomien. Det kunne vera mange av dei langs eit vassdrag. Både anlegg og drift kravde materialkunnskap, teknisk innsikt og dugande handverkarar, og det hadde lokalsamfunna. Men neste utviklingssteg føresette ingeniørar og kapital. Frå slutten av 1800-talet blei det, nærast som eit supplement til den tradisjonelle bruken av falla, bygd små ljøsverk. Så drog det på seg. Etter krigen blei òg ljøsverka feia av banen. Då blei til dømes heile den øvre delen av Telemarksvassdraget utbygd til kraftproduksjon gjennom eit statleg prosjekt av slike dimensjonar at det trong støtte frå verdsbanken for å bli gjennomført.

No står små kvernkallar att i turre åfar som historiske attergløymmer. Gigantiske dammar har laga nye innsjøar i fjellet, tunnelar fører vatnet over frå dei eine vassdraget til det andre, kraftverk blir sprengde inn i berget, store, beine kraftgater skjer seg gjennom landskapet der stålmastene ber dei tunge og grove kablane som fraktar vasskrafta vår til stader der ho kastar meir av seg enn her i utkantane.

Kraftmonsteret har kome til bygda, og det betalar godt for seg. Kommunar som har vore rekna som innanrikspolitiske u-land, blir på få år oppkomlingane i kommune-Noreg. Den nye storkommunen Vinje er ein av dei. Her har det ikkje vore mykje tvil om kva kommunen ønskte: Med ein etter måten liten eigeninnsats kunne lokalsamfunnet håve inn enorme utbytte, år etter år.

Femti- og sekstitalet var tida for dei store endringane. Landbrukspolitikken avvikla korndyrkinga i fjellbygdene på same tid som kraftutbygginga tok til, så då var det likevel ikkje bruk for dei gamle kvernane meir. Sponhøvlane og vadmålsstampene var like avfeldige; industrien tok over. Når støylar, gardar og jordbruksareal blei sette under vatn, fekk eigarane erstatning i pengar. Det fanst ikkje verdiar som ikkje kunne reknast i pengar – eller rettare: verdiar som ikkje kunne erstatast med pengar, blei ikkje rekna med.

Men kommunane *trong* desse pengane til sine små fellesskap, og – må ein seia – bruka dei vel. Lokalsamfunnet kom med som jamstilt deltakar i moderniseringa av Noreg. Jau då, Tokke og Vinje blei del av vekstmonsterets næringsgrunnlag, men det har i retur gjeve oss kommunale tenester på line med det beste i landet.

No er det ikkje så mykje meir vasskraft å få frå Tokke og Vinje eller andre fjellbygder. Det har gått 23 år sidan dåverande statsminister Jens Stoltenberg sa i nyårstala si at «Vi nå er kommet dit

at tiden for nye store vannkraftutbygginger i Norge er over.» Det fekk han for så vidt rett i. Men tida for nye *kraftutbyggingar* er på ingen måte over.

### **Frå svart til grønt**

Det heng som me veit saman med at vekstmonsteret må skifte diett for å få ned utsleppa sine, dei som fører til at atmosfæren blir varmare og endrar vilkåra for livet på jorda. Den tida måtte i alle høve koma: det svarte lageret av kol, olje og gass som er skapt gjennom millionar av år, tek ein gong slutt. Derfor er det inga bøn: Heretter må monsteret stort sett greie seg med fornybar elektrisk kraft.

Det er ei krevjande, men mogleg og heilt nødvendig omstilling, seier næringslivet, styresmaktene og miljøørsla. Monsteret må skifte ham. No skal det bli grønt. Det grønne skiftet. *Det grønne hamskiftet*.

Men, spør mange, kor krevjande kan skiftet til elektrisitet eigentleg vera i eit land som frå før har den høgaste produksjonen og det høgaste forbruket av rein, fornybar elektrisitet per innbyggjar i verda?

Jau, det er krevjande av fleire grunnar, er svaret. Me stolar på at datateknologien gjev oss retninga gjennom det ukjende farvatnet, og data krev kraft. Og gjennom omstillinga og i all tid etter, skal monsteret halde fram med å vekse. Det er ingen plan om anna.

Så må me heller ikkje tru at me slepp unna berre fordi me er eit lite land med store kraftressursar. Ingen slepp unna det grønne hamskiftet. Vekstmonsteret kjenner ikkje – eller vil ikkje kjenne – landegrenser. Når kontinentet skrik etter den straumen me har så rikeleg av, så skal straumen strøyme fritt dit etterspurnaden er størst.

Monsterets vilje er vår vilje. Monsteret er ein verdslege variant av *den heilage anden*, ei kraft som umerkeleg men effektivt endrar hugen vår, verdiane me styrer etter, ideala me strevar etter å nå. Slik den heilage anden fyller katedralane og kyrkjene, så fyller kapitalismens ande børsane og aksjeselskapa med von og forventning, uro og frykt; og kvar einskilde og einsame sjel fyller han med draumar og mismot, attrå og etterspurnad.

Den verdslege, uheilage anden krev ikkje tilbeding, men vil likevel ha oss til å tru. Me skal tru at det ikkje finst noko alternativ til vekstmonsteret, heller ikkje i møtet med dei veldige utfordringane monsteret sjølv har skapt. Berre me syter for at monsteret får nok kraft til å vekse vidare, vil det gjennom auka teknologisk innsikt og kapitalistisk kreativitet sikkert finne løysingar, og berge menneska gjennom krisene.

### **Gammal oppskrift**

Sjølv kjenner eg ein kjettersk tvil. Dette evangeliet har eg høyrte før. Det blei forkynt då den såkalla *Verdskommisjonen for miljø og utvikling*, òg kalla Brundtlandkommisjonen etter leiaren, la fram den alarmerande FN-rapporten «Vår felles framtid» i 1987. Rapporten gav eit alvorstungt bilete av ei plaga jord på grensa til apokalypse. I den norske utgåva kunne me lesa:

«Nå, ved slutten av århundret, er det ikke bare slik at den sterkt økende befolkningen på Jorden i seg selv kan forårsake dyptgripende endringer. I tillegg kommer de store utilsiktede endringene fra den teknologiske utvikling. Det har vist seg å påvirke atmosfæren, jordsmonnet, vannet, planter og dyr – og det innbyrdes avhengighetsforholdet mellom disse grunnleggende ressurser på

Jorden. Endringene skjer så hurtig at de overgår vitenskapens evne og våre muligheter til å overvåke og påvirke utviklingen. De fratar også politiske og økonomiske institusjoner evne og mulighet til å tilpasse seg og mestre utviklingen.»

Her må kraftfull handling til, slår rapporten fast, og held fram at alle land har ei rolle å spela i arbeidet med å snu utviklinga. Dei må endre eit internasjonalt økonomisk system som snarare aukar enn minskar talet på fattige og svoltne menneske i verda. Dei neste tiåra blir avgjerande. Å prøve å sikre sosial og økologisk stabilitet med hjelp av gamle angrepsmåtar er dømt til å mislykkast. Ei trygg framtid må skapast gjennom endringar – gjennom nye steg i ei berekraftig retning.

Jaha, endeleg bort frå tvangen til økonomisk vekst, den som har skapt dei problema rapporten skildrar så grundig og truverdig, tenkte mange – heilt til dei kom fram til side 72. Der seier kommisjonen i klårtekst at viss verda skal styre unna økonomiske, sosiale og miljømessige katastrofar, så trengst det *ein raskare økonomisk vekst*, friare marknad, lågare renter, meir teknologi og vesentleg større tilførsel av kapital.

Ny og framtidretta teknologi, seier rapporten, byr på enorme moglegheiter for auka produktivitet og betra levestandard, betre helsestell og bevaring av det naturgjevne ressursgrunnlaget. Digitale system skal overvaka heile biosfæren og passe på at den økonomiske veksten og ressursbruken heile tida held seg innafor tolegrensene til naturen (som vitskapen sjølvsagt har perfekt kunnskap om). Bioteknologien og industrialiseringa av landbruket skal syte for at jorda produserer nok mat for alle.

Det høyrdest ut som eit djervt program. Eller var det ein utopi? Det likna i alle fall eit overmot av det slaget dei gamle grekarane kalla *hybris*, ei overdriven tru på egne evner og ein ubendig vilje til å utfordre den naturlege orden.

I bakspegelen ser me at verda ikkje kom til eit vegskilje etter Verdskommisjonen. Det var utvilsamt fleire årsaker til at monsteret kunne smile fornøgd og halde fram med *business as usual*. Men ein verknad slit me framleis med: ein ordblom som blei planta ut på alle språk, spreidde seg raskt og blei like umogleg å utrydde som høymola i enga. Ordet '*berekraftig*'. Utvikling, vekst, produksjon, konsum, mat, klede, reiseliv – alt som trong ein aura av anstendig åtferd og god moral i marknaden og politikken, blei stempla «berekraftig». Om det ikkje mona for anna, så hjelpte det då på omsetnaden.

### ***Berekraftig blei det ikkje***

Det gjekk som det gjorde. Denne hausten brenn det i Sør-Amerika, over 8000 skogbrannar er registrerte berre i Brasil, og det har brunne meir enn nokon gong før i Portugal og Hellas. I Polen, Tsjekia, Slovakia, Austerrike og Ungarn har nettopp den verste flaumen i manns minne øydelagt byar og teke liv. 400 000 menneske måtte evakuere då ein uvanleg kraftig tyfon slo inn over Shanghai. I 2021 registrerte FN 25 millionar menneske som måtte reise frå heimane sine på grunn av flaum, turke og mangel på mat og vatn. Tre femtiårsflaumar på to månader i Bø er for ingen ting å rekne mot detta, men over alt er atmosfæren meir ustabil og upårekeleg enn før, liksom oppladd.

Det er så stort og så mektig. Me kjenner oss makteslause. Utan ironi kan me slå fast at me lever i eit av verdas beste demokrati, men desse kreftene er det ikkje folk som styrer. Ikkje naturkreftene og ikkje marknadsmakta. Ingen styresmakter kan gjera noko som marknadsmonsteret er i mot.

Endå ein gong får me høyre at løysinga ligg i teknologien, ikkje økonomien. Snart førte år etter Verdskommisjonen har særleg den digitale kapasiteten utvikla seg kolossalt. Kunstig intelligens er i bruk over alt, i heimane, bilane, sjukehusa, i system for overvaking, styring og kontroll, i kunsten, musikken, litteraturen og til formidlinga av kunnskap, meiningar, løgner og propaganda. Folk som driv med slikt seier at om tre år vil meir enn halvparten av tekstene me les, vera KI-genererte. Krigane i kring oss er kanskje ikkje genererte av KI, men dei er styrde med KI.

Det er eit nytt univers, detta, ein virtuell men likevel reell røyndom, der den rasjonelle tyngdekrafta liksom slepper taket i oss og me må etter fattig evne manøvrere mellom sant og usant, materie og antimaterie, og styre klar av svarte hol.

Dei raskt veksande datasystema krev gigantiske mengder kraft, og krafta må me hente direkte frå sol og vind. Bransjane som driv med slike ting kan vente seg ei eventyrleg inntening av «det grønne skiftet». Batteria skal vera framtidens kraftmagasin, og no bed produsentane om å få tilgang til spesielle mineral og metall som dei treng, der dei ein gong blei lagra i fjella, jorda og havbotnen. Norske næringslivsleiarar let seg ikkje deppe av alle katastrofemeldingane – situasjonen har i høgste grad ei forretningsmessig oppside. Vekstmonsteret ser ljost på framtida for AS Noreg.

### **Livskreftene**

Høyrest det dystert ut, dette? Pessimistisk på grensa til det dystopiske?

I så fall må de orsaka at eg har bruka så mykje tid på bakgrunnen for heile poenget med dette kåseriet: å hylle *livskreftene*, kreativiteten, fellesskapa som framleis er levande og sterke rundt om i by og bygd. Eg forsvarar omvegen med å minne om at som elles i universet er det lettast å sjå det ljose mot det mørke, og at det gode er på sitt mest overveldande når ein møter det mot ein svart bakgrunn av vondskap og liding. Og no er det så inni helvetes mykje liding. Me treng meir ljøs.

Og her er det ljøs! Frå det innleiande kosmiske perspektivet vil eg endeleg lande i mi eiga heimlege grend, eitt av mange tusen andre småsamfunn. Der er det livskraft nok, og ho kjem frå mange røter. Nokre strekkjer seg bakover i tid, til mytiske namn som Jorunn Joklekåpa og Gaukslandskongen, til segner, slåttespel, viser og stev, til handverkskunsten og målføret, til forgjengarar som Aasmund Vinje og Tarjei Vesaas, til husmannsstoga og til kyrkja med sitt univers, dels lokalt, dels universelt. Andre røter breier seg ut i landskapet vårt: Veggsfjødd, Ormeggine, Store Midtfjødd, skoddedisen over Vinjevatn, snø og granskog i liene. Og sterke røter knyter seg folk, til grannelaget. Kari, eg og den vesle familien vår er velsigna med uvanleg gode grannar, og me har rik røynsle for kor viktige dei er for livskvaliteten. Eg er glad i dei alle saman. Me er ulike i alder, yrke, interesser, bakgrunn – ja, det meste, og det er bra! Her skal vera plass for alle, og det som samlar er sterkare enn det som skil.

Desse røtene gjev oss *tilknytning*, det er *det* røter skal. Tilknytning er ei spesiell kraft, ho er ikkje fysisk (endå ho kan minne litt om magnetisme), ho er heller ikkje økonomisk eller teknologisk, ho kan ikkje mælast. Tilknytning er kjærleik, toleranse og respekt.

I krinsen vår har me nyleg mist Ellen, ein sterk og lysande klår byggjar av fellesskap og dyrkar av røter. Ellen Nordstoga. Det var eit tungt tap, men det er lettare å bera i hop. Presten kalla henne eit *kraftverk*, og det var sant nok. Ellen stråla ut ei kraft av ein annan natur enn den som strøymer ut frå aggregata i Vinje kraftverk. Skaparkraft og tiltakslyst er energi me sjølv rår med og veks på, i motsetning til den straumen kommunen vil bruke til eit datalagringssenter her i grannelaget, og på det viset knyte oss sterkare fast til vekstmonsterets digitale framtid.

Tilknytning og identitet, sorg og glede, byrgskap og lengt, det er verdiar som er viktige for folk og avgjerande for framtida, men dei eksisterer ikkje på botnlina til noko aksjeselskap. Monsteret der ute likar ikkje fellesskap, røter og band, men heiar på mobilitet og dyrking av individualitet. Folk skal *kjøpe* identiteten og sjølvkjensla si i staden for å få eigenstyrken gratis ved å høyre til ein stad. Er det frigjerande å bryte ut av fellesskapet for å kunne syte berre for seg sjølv? Nei, hørde me tidlegare i dag at Tarjei Vesaas meinte, det er *samkjensla* som bergar. Og eg kom til å tenkje på Pär Lagerkvist: «Vår ande när den djupnar är livets breda älv. Den väg du går allena för bort i från dig själv».

Denne litterære referansen får duge som ei avsluttande kopling til her me er no. *Litteraturen* er den ultimate, analoge krafta, eit konsentrat av den menneskelege kompleksiteten; diktinga har kraft til å sprengje alle grenser, jamvel til å oppheve gravitasjonen.

Alle stader alle tider  
fer mennesketankar ut  
flyg som dei fuglar ut i rømdin  
– svarte fuglar kvite fuglar  
kva bod og kor langt?

spør Aslaug Vaa, den store, heimlege og globalt orienterte poeten. Mennesket *skaper* poesi. Den kunstige intelligensen kan berre herme.

Mennesket kan tenkje kritisk, analysere, vega for og i mot, diskutere, fundere. I språket kan alt skje, språk kan vera harde kommandorop og kviskring av vare kjensler, det er stundom stringent logisk og stundom uhøyrte kreativt nyskapande. Framfor alt er språk kommunikasjon. Bruer spente opp mellom menneske. «Draum om nedsnødde bruer» er eit dikt av Tarjei Vesaas, (biletet er eit dikt i seg sjølv) og det handlar om kor viktig òg det ordlause språket er.

Når språket – vårt eige, dialektprega talespråk og det vesle og sårbare skriftspråket – no er truga både av digitalisering og av kommersielt anglo-amerikansk språkpress, så er det mykje som står på spel. Limet i bygdene blir veikare. Lokalsamfunnet vårt står på spel, det fellesskapet som skal bera vidare ein ressursbruk som tilfredsstillar behova våre utan å gjera ressursgrunlaget ringare for dei som kjem etter. Det er dette fellesskapet som har berekraft.

Då er det utruleg godt å vita at me her i Vinje har ei solid motkraft i Vinjesenteret, del av den kulturelle treeininga Nynorsk kultursentrum, og at det er mogleg å få til ei slik kraftsamling som Litteraturdagane. Takk til dykk alle for at det er med på dette!